

# Vil du delta i eit

# FORSKINGSPROSJEKT ?



Western Norway  
University of  
Applied Sciences

# SEMPER

Department of Pedagogy,  
Religion and Social Studies

Self-Efficacy in Mathematics,  
Pathways in Education and Research

Vi skal forske på korleis lærarar kan støtte elevar sine sjølvoppfatningar og prestasjonar i matematikk. Du får spørsmål om å bli med i prosjektet fordi vi har ein avtale med skulen din om at vi kan invitere alle som startar i åttande trinn hausten 2024.

## Kva inneber dette for meg?

August 2024 – april 2025 vil vi samle inn data for del 1 av prosjektet. Dette vil innebere spørjeskjema og læringsoppgåver til elevane og observasjon av undervisinga i rundt 12 matematikktimar. Elevane fyller ut korte spørjeskjema i kvar av matematikktimane, samt eit litt lengre spørjeskjema i forkant. Om lag kvar fjerde time vil elevane også arbeide med læringsoppgåver på pc. Lærarane vil få vite korleis elevane klarar desse oppgåvene, for å kunne gje tilpassa støtte. Observasjonane vil innebere lyd- og video-opptak av undervisinga. Undervisinga vil ellers gå føre seg "som vanleg". Vi vil også gjennomføre intervju med nokre elevar i kvar klasse. Det blir gjort opptak av intervjuet dersom eleven samtykkjer til det. Vi kjem også til å innhente resultat frå nasjonale prøver i regning (frå 8. og 9. trinn) for alle elevane som deltek.

Hausten 2026 vil vi samle inn data for del 2 av prosjektet, frå rundt fire undervisingstimar i matematikk (repeterete spørjeskjema frå elevane, læringsoppgåver, observasjonar av undervisinga, og nokre intervju). Då har lærarane som deltek i prosjektet vore med på kurs som har som føremål å støtte deira tilrettelegging for alle elevane i matematikkundervisinga. Kursa inkluderar mellom anna positive døme frå deira eiga undervising, samla inn gjennom videoobservasjonane i første fase.

**Føremålet** med SEMPER er forsking. I tillegg til forskingsføremålet ønsker vi å tilrettelegge for at *eit utval* av dataen kan verte nyttig for **Praksisglimit** ([www.hvl.no/forsking/prosjekt/praksisglimit/](http://www.hvl.no/forsking/prosjekt/praksisglimit/)), som har som føremål å styrke kvalitetten i lærarutdanninga. Her nyttar vi korte, positive videodøme frå «ekte» undervising i undervisinga av lærarstudentar, samt vi lagrar videoar for vidare forsking. Videodøma vert trygt lagra på ei tilgangsbegrensa plattform, kun tilgjengeleg for forskarar ved HVL, UiO eller UiS, eller lærarar i praksisfeltet vi har eit samarbeid med. Praksisglimit nytter kun ikkje-sensitive videodøme, og læraren godkjenner alle klipp før dei vert nyttig. Dei ikkje-redigerte videoane vert trygt lagra av HVL med strenge tilgangsretter. Du kan velje å ikkje samtykke til dei utvida føremåla i Praksisglimit.

**JÅ?** Du har no motteke og forstått informasjon om prosjektet SEMPER. Du vil ein melding i VISMA der vi ber om ditt samtykke. Ver venleg og svar innan fristen, og skriv kva alternativ du samtykker til. Du kan velge mellom:

- (A) Eg samtykker til prosjektet SEMPER, inkludert forskingsføremåla skissert i dette informasjonsskrivet.
- (B) Eg samtykker til prosjektet SEMPER. I tillegg til (A) samtykker eg til at videoopptak av mitt barn blir brukt i vidare forsking og undervising/formidling gjennom videoprosjektet Praksisglimit (som skissert i dette skrivet).
- (NEI) Eg samtykker ikkje til prosjektet SEMPER. **NB! Eleven vil få eit likeverdig undervisingstilbod.**

Dette er eit *samarbeidsprosjekt* der Høgskulen på Vestlandet leiar og er ansvarleg for prosjektet, medan Sunnfjord kommune er samarbeidspartner. Meir info [hvl.no/forsking/prosjekt/semp](http://hvl.no/forsking/prosjekt/semp)

## Dette er frivillig

Det er heilt frivillig for deg å delta, sjølv om skulen er med på prosjektet. Om du blir med, kan du når som helst ombestemme deg uten å oppgi nokon grunn for det, og be om å få sletta opplysingane vi har om deg.

Dersom det er mogleg å identifisere deg i datamaterialet, har du rett til:

- å sjå kva opplysingar vi handsamar om deg og få ein kopi av desse (NB: For å vareta personvernet til alle som vert filma, kan du ikkje kreva å sjå filmane frå klasserommet)
- få retta eller sletta opplysingar om deg
- å klage til Datatilsynet om handsaminga av personopplysingane dine

Om du ikkje ynskjer å delta i prosjektet vil du få eit likeverdig undervisingstilbod. Om du vil nyte nokre av rettane dine, om du vil trekke deg, eller om du har spørsmål om prosjektet, kan du kontakte:

**Prosjektleiar Karin Street**

[karin.street@hvl.no](mailto:karin.street@hvl.no) (48 205 215)

**Personvernombud Trine Anikken Larsen**

[personvernombod@hvl.no](mailto:personvernombod@hvl.no) (555 87 682)

SIKT har vurdert at vi handsamar personopplysingar etter regelverket for personvern. Om du har spørsmål knytt til vurderinga, ta kontakt med Sikt: [personverntjenester@sikt.no](mailto:personverntjenester@sikt.no) (73 98 40 40)

Me handsamar opplysingar om deg i samsvar med bestemmingane i personvernlovgjevinga. Det lovlege grunnlaget for behandling av data er allmenta si interesse for å bevare materiale av høg vitskapleg verdi (jf. GDPR art. 6 nr. 1 bokstav e, jf. personopplysingslova § 8). Vi vil berre bruke opplysingane til dei føremåla vi informerer om i dette skrivet. Data i prosjektet skal ha kontrollerte tilgangsretter, og vil bli trygt lagra i samsvar med personvernlovgivinga samt retningslinjene for sikker lagring og tilgangskontroll ved HVL. *Det vil ikkje vere mogleg å sjå eller dele data utan dei kontrollerte tilgangsrettene.* Informasjonen som vert registrert om dykk (med unntak av video) vert avidentifisert, det vil seie handsama utan namn, fødselsnummer eller andre opplysingar som direkte kan koplast til dykk. Namn og andre opplysingar som knyter dykk til opplysingane vert erstatta av ein koblingsnøkkel, som vert oppbevart på ein sikker stad. Det er berre prosjektleiinga som har tilgang til koblingsnøkkelen. Koblingsnøkkelen vert sletta ved prosjektslutt, 31.08.2030. Avidentifisert data kan bli publisert i opent tilgjengelege databaser der dette krevast opp imot publisering. Resultat og informasjon som kjem fram i publikasjonane kan ikkje førast tilbake til einskildpersonar. Videodata godkjent til føremål i *Praksisglimit* vil vere tilgjengelig etter prosjektslutt i SEMPER: Dei ikkje-redigerte videodataene (kun nyttig til forsking, i anonymisert form) vert handsama så lenge dei har stor samfunnsmessig verdi og kan nyttast til vitskaplege føremål, så framt at desse oppfyller personvernlovgivinga. Dei redigerte videoklippana, som viser positive døme på undervising med føremål å styrke kvalitetten på lærarutdanninga, vert sletta innan 15 år.